



Johan E. Sæter skaut den siste bjørnen i gamle Tingvoll kommune den 11. mai 1911. Han var son til «Bjønnskuttar-Eina» i Flemsetra.

## BJØNNAHISTORIER

Av Helge Husby

### STADNAMN MED «BJØNN-»

I oppveksten min fekk vi høyre historier om korleis bjørnen hadde herja i liene og på Gylfjellet. Fleire plassar og namn er knytt til historier om bjørn, slik som *Bjønnslåbraddan*, *Tritollån*, *Bjønnotollå*, *Bjønnehiet* og *Bjønndalen*. Bjønndalen ligg mellom Teigaløkan og Ramslibyttet. *Bjønnslåbraddan*, som ligg sør-vest for Gylelva, der seterstigen går, er eit namn som har vore bruka i lang tid, for det er nemnt i papira for skogutskiftinga for Gylgardane i 1812. Da er skrivemåten *Björneslåbrædden*. Ein bjørn skulle ha slege i hel ein hest der. Og så langt eg kan minnast det var fortalt, reiste bjørnen seg på to og slo av ryggen på hesten. Etterpå grov han byttet ned i myra.

### SKAMSKOTEN BJØRN VED «TRITOLLÅN»

«Tritollån» er tre toller som står ved seterstigen opp på Gylsetra. Dei er svært gamle, trass alle initialane som har vore skore inn i stammene gjennom tidene. Og dei har sett likeeins ut i mine 60 år. I lia ovafor desse tollene slo bjørnen i hel ei kvige i 1870-80-åra.

### Bjønnskuttar-Eina

Dei sendte bod på *Bjønnskuttar-Eina* frå Sørhaugen i Flemsetra, Einar Jonson. Han var fødd i 1841 og skulle ha teke 23 bjørnar i tida si. Nokre av dei med sjølskott, noko han var ekspert på. No fekk han med seg Erik Olderbakkå og Gammel-Johannes Røsdalå. Dei fann plassen der bjørnen hadde grave ned kviga. Dei laga seg eit skjul av bjørk og passa på at vindtrekkjen stod slik at ikkje bjørnen skulle få teften av dei når han kom og skulle forsyne seg av byttet sitt.

### Tre bjørnar

Ut på kvelden kom ikkje berre *ein* bjørn, men slagbjørnen hadde med seg ei bingse (binne) og ein fjorårsunge. Dette var før «kragå» si tid, så med munnladingsbørser var det viktig å treffe godt når ein først skaut. Så dei fordelte dei tre dyra mellom seg. Bjønnskuttar-Eina tok slagbjørnen, men Erik Olderbakkå skamskaut bingsa. Kva som skjedde med vetleien (fjorårsungen), var usikkert.